

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skreven: 02.02.2006
 Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: **Lånemidlar og investeringar 2006**

Sak nr. 007/06 B

Styremøte 08.02. 2006

1. Innleiing

Styret i Helse Vest har hausten 2005 vedtatt gjennomføring av større investeringsprosjekt ved Helse Stavanger og Helse Bergen. Desse prosjekta er nytt akutmottak ved Helse Stavanger (kr 280 mill) og nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen (kr 700 mill). Investeringane vil ikkje kunne dekkast innafor den ordinære ramma og vil derfor måtte prioriterast når ein skal fordele lånemidlar. Det blir her vist til styresak 87/05 B Fordeling av supplerande lån til investeringsføremål i 2005. I tillegg har styret tidlegare bestemt at lånemidlane skal prioriterast inn mot byggeprosjekta i opptrappingsplan psykiatri slik at ein sikrar gjennomføring av planen. Det blir her vist til 094/04 B innspel til statsbudsjett 2006 – investeringar.

Helse Vest har i perioden 2002 til 2005 tatt opp lån på til saman kr 1,116 mrd til investeringar. I 2006 har Helse Vest fått tildelt ei låneramme på kr 550 mill til investeringsføremål. Låneramma blir fastsett årleg gjennom statsbudsjettet og det vil derfor alltid vere usikkerheit i høve til kor stort lån ein kan påregne i dei komande åra. Samtidig skal det understrekast at Helse Vest dei siste åra no har fått ei auke i låneramma, kor utviklinga har vore som følgjer:

- 2002	kr	184 mill
- 2003	kr	282 mill
- 2004	kr	200 mill
- 2005	kr	450 mill (350 mill pluss 100 mill)
- 2006	kr	550 mill

Dette må kunne sjåast på som ei prioritering frå HOD sin side med tanke på gjennomføring av Helse Vest sitt investeringsbehov.

2. Kommentar

Det er i tabellen nedanfor gjort ei samanstilling av dei investeringsbudsjetta som helseføretaka har lagt fram for sine respektive styre. Helseføretaka må prioritere investeringsprosjekta

innafor dei midlane dei har tilgjengeleg i form av avskrivingsstilskot og eventuell bruk av basisramma. Det vil i tillegg vere nødvendig å ta opp lån til investeringsprosjekt.

Administrerande direktør vil her legge til grunn dei prioriteringar som følgjer av vedtak fatta i sak 094/05 B Innspel statsbudsjett 2006 – investeringar. Dette inneber ei prioritering av investeringsprosjekta i opptrappingsplan psykiatri samt dei store byggeprosjekta i Helse Stavanger og Helse Bergen.

Investeringsplaner i helseforetakene

Foreløpig investeringsbudsjett 2006

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest IKT	SUM
Bygg og anlegg	250 000	75 000	312 000	76 300		713 300
MTU	65 000	49 256	124 000	20 000		258 256
IKT/telefoni		2 650		5 000	54 000	61 650
Annet	5 000	6 600	64 000	6 000		81 600
Sum investeringsbudsjett	320 000	133 506	500 000	107 300	54 000	1 114 806

Helse Stavanger har eit samla investeringsbudsjett på kr 320 mill. I posten bygg og anlegg ligg det inne kr 100 mill i bygningsmessige investeringar, kr 50 mill til Sola DPS (totalprosjekt kr 100 mill) og kr 100 mill til nytt akuttinntak med observasjonseining (totalprosjekt kr 280 mill). Desse 2 prosjekta er føresett finansierte med bruk av lån.

Helse Fonna sitt investeringsbudsjett utgjer kr 133,5 mill. Under posten "bygg og anlegg" ligg det inne 2 prosjekt i psykiatriplanen på totalt kr 20 mill, Karmøy DPS (kr 10 mill) og Haugesund DPS (kr 10 mill). Desse 2 prosjekta vil ha prioritet i høve til tildeling av låneramma. Den resterande del av "bygg og anlegg" er knytt til diverse bygningsmessige investeringar.

Helse Bergen har eit samla investeringsbudsjett på kr 500 mill. I posten "bygg og anlegg" ligg nytt lab bygg inne med kr 120 mill i 2006 (totalprosjekt er på kr 700 mill). I tillegg ligg det inne investeringsprosjekt Bjørgvin DPS og Fjell og Årstad DPS på kr 20 mill som er ein del av opptrappingsplan psykiatri. Nytt lab bygg og psykiatriprosjekta vil ha prioritet i høve til tildeling av låneramma for 2006. Dei andre prosjekta må prioriterast innafor inntektsramma og eventuell tildeling av resterande låneramme.

Helse Førde har eit samla investeringsbudsjett på kr 107,3 mill. Bygg og anlegg utgjer kr 76,3 mill kor Påbygg 2000 ligg inne med kr 58,5 mill. Helse Førde vil vere avhengig av å få tildelt lånemidlar og vil med tildelinga som er gjort i denne saka kunne ferdigstille Påbygg 2000. Påbygg 2000 forventast å vere ferdig 01.04.2006.

Investeringane i Helse Vest IKT er eit førebels anslag over planlagde investeringar innan IKT området. Eventuell tildeling av lånemidlar må vurderast når IKT eininga har fastsett endeleg investeringsbudsjett for 2006.

Apoteka Vest må komme attende med investeringsplanar på eit seinare tidspunkt.

Tildeling av lån

Ved tildeling av lån for 2006 vil administrerende direktør tilrå at investeringar i psykiatriplan blir prioritert slik at ein sikrar det finansielle grunnlaget til å gjennomføre opptrappingsplanen innan utgangen av 2007. Vidare blir dei store byggeprosjekta i Helse Stavanger (MOBA) og Helse Bergen (nytt lab bygg) prioritert slik at ein sikrar det finansielle grunnlaget i 2006 for desse prosjekta. Låneramma for 2006 vil saman med avskrivingsmidlane sette helseføretaka i stand til å gjennomføre sine investeringsplanar i 2006. Dette gjer følgjande finansiering av investeringsplanane i 2006:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Ufordelt	SUM
Investeringar	320 000	133 506	500 000	107 300		1 060 806
Finansiering:						
Tilskot til avskrivingar	185 475	102 410	301 862	76 472		666 218
Lån til investeringar	150 000	31 000	200 000	31 000	138 000	550 000
Sum avskrivningstilskot og lån	335 475	133 410	501 862	107 472	138 000	1 216 218

Helse Vest vil halde attende kr 138 mill som vil bli fordelt i seinare møte. Administrerende direktør vil då foreslå at den ufordelte låneramma blir vurdert opp mot MOBA i Helse Stavanger og nytt lab bygg i Helse Bergen. Det må dessutan gjerast ei vurdering på eventuelle lånebehov i Apoteka Vest og Helse Vest IKT. Desse forholda må administrasjonen få kome tilbake til i seinare møte.

Administrerende direktør vil med dette leggje fram følgjande forslag til fordeling av låneramma for 2006:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Ufordelt	SUM
Førebels lånetilsegn 2006	150 000	31 000	200 000	31 000	138 000	550 000
Herav:						
- Nytt DPS Sola	50 000					
- MOBA	100 000					
- Psykiatriprosjekt		20 000	20 000			
- Nytt labbygg			120 000			

Det blir då stilt krav om at lånemidlane skal dekke dei prosjekta som er angitt ovanfor.

Forslag til vedtak:

1. Lån til investeringar i 2005 blir fordelt med følgjande beløp

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Ufordelt	SUM
Førebels lånetilsegn 2006	150 000	31 000	200 000	31 000	138 000	550 000

Herav:

- Nytt DPS Sola	50 000					
- MOBA	100 000					
- Psykiatriprosjekt		20 000	20 000			
- Nytt labbygg			120 000			

2. Den ufordelte lånaramme på kr 138 mill blir fordelt i seinare møte. Lånet skal om naudsynt prioriterast til MOBA og nytt lab bygg. I tillegg skal det gjerast ei vurdering på lånebehovet i Apoteka Vest og Helse Vest IKT AS.